



Ofte stilte spørsmål – skoleskyss 21/22

Korleis ser eg status på søknadane?

Fana "Bestillinger" gir oversikt over innmeldte søknadar. Søknadar som har status godkjent eller aktiv er ferdig handsama.

Vi har framleis har ein del søknadar som manglar dokumentasjon og som dermed ikkje kan ferdighandsamast. Det er viktig at skolane ser gjennom søknadane som ikkje er ferdighandsama og lastar opp naudsynt dokumentasjon der Skyss har lagt inn notat om at dette trengs for vidare handsaming av søknaden.

Korleis ser eg kva transport eleven er innvilga?

Inne på elevkortet (trykk deg inn på ein elev i linja for å få opp elevkortet) vil du sjå kva transport eleven er innvilga. Her vil du sjå kva transport eleven er innvilga dei ulike dagene, og for ein del elevar vil du også kunne sjå kva kollektivtilbod som er tilgjengeleg for eleven ("hent kollektivtilbod").

Ein kan også nytte reiseplanleggaren på www.skyss.no for å sjå kva reisealternativ elevane har.

Korleis gjer eg endringer i søknaden?

Alle endringer kan gjennomførast med å trykke "ny bestilling", her kan du endre adresse, endre transporttype det blir søkt om (t.d. frå buss til drosje) osv. Ver merksam på at kalender må bli oppdatert på nytt dersom det er snakk om ny bestilling for elevar med delt bustad.

Kva handsamingstid gjeld no?

Det er inntil 14 dagars handsamingstid på førespurnader til oss, inkludert nye søknadar og endringer i eksisterande søknadar. Inntil skoleskyss er godkjent av Skyss og vidare sett i verk av transportør, må transport mellom heim og skolen bli ordna på anna vis.

Kva gjeld for skolekorta i år?

Skolane har fått tilsendt skolekort for nye elevar i 1 og 8 klasse, samt oblat som må bli påført eksisterande skolekort. Elevar som har andre endringer (t.d. adresse/skole) eller er nye, må bli tildelt ekstrakort. Ved bruk av ekstrakort må skolen påføre namn, skole og haldeplass.

Dersom skolen ikkje har motteke skolekort og oblat må ein ta kontakt med Skyss.

Kva retningslinjer gjeld for smittevern i skoleskyssen?

Skyss følgjer til ei kvar tid dei nasjonale råda som gjeld for smittevern i skoleskyssen. For meir informasjon om kva råd og retningslinjer som gjeld, sjå:
<https://www.skyss.no/Verdt-a-vite/skoleskyss/korona-skolestart/>



Kor finn eg meir informasjon om skoleskyss?

Vårt infohefte til skolar og kommunar finn du her:

<https://www.skyss.no/globalassets/skoleskyss/infohefte-skoleskyss-21-22.pdf>

Eg finn ikkje svar på det eg lurar på?

Ta kontakt med skoleskyss@skyss.no eller på telefon 55 55 90 70, tasteval 2 (mellan kl.09-12 alle skoledagar).